

Tabell A-k

Utgiftsutjamning, kommunane

Kolonne 9 viser sum utgiftsutjamning for den enkelte kommune. Utjamninga består av omfordeling som følgje av skilnader i berekna utgiftsbehov (berekna i kol. 1–5) og omfordeling som følgje av korreksjonsordninga for statlege og private skular (berekna i kol. 6–8). Summen av utgiftsutjamninga er vidare nytta i tabell 2-k, kolonne2.

Berekninga av utgiftsutjamninga som blir presentert her er basert på innbyggjartalet per 1. juli 2012.

Kolonne 1 – Indeks for berekna utgiftsbehov

Utrekning av indeks for berekna utgiftsbehov er dokumentert i tabell E-k. Ein indeks på 1 betyr at kommunen har eit berekna utgiftsbehov lik landsgjennomsnittet. Ein indeks på 1,1 eller 0,9 betyr at kommunen har eit berekna utgiftsbehov som er respektive 10 pst. over og 10 pst. under landsgjennomsnittet. Kolonnen er òg vist i tabell E-k, kolonne 29.

Kolonne 2 – Gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov per innbyggjar

Utgiftsbehovet for 2013 er på landsbasis berekna til om lag 228,0 mrd. kroner, som utgjer 45 452 kroner per innbyggjar.

Kolonne 3 – Kommunens berekna utgiftsbehov i kroner per innbyggjar

I kolonne 3 er landsgjennomsnittleg berekna utgiftsbehov (kol. 2) multiplisert med indeks for berekna utgiftsbehov (kol. 1) for kvar kommune, og vist i kroner per innbyggjar.

Kolonne 4 – Omfordeling per innbyggjar i kommunen

Omfordeling per innbyggjar blir vist i kolonne 4, og kjem fram som differansen mellom kolonne 3 og kolonne 2.

Kolonne 5 – Samla omfordeling for kommunen (1000 kr)

Omfordeling utanom korreksjonsordninga blir vist i kolonne 5, og er rekna ut ved omfordeling i kroner per innbyggjar (kol. 4) multiplisert med kommunens innbyggjartal per 1. juli 2012 (tabell F-k, kol. 2).

Kolonne 6 – Trekk for elevar i statlege og private skular

Kommunane får eit trekk i rammetilskotet for elevar som går i statlege og private skular. For ein nærare gjennomgang av korreksjonsordninga for statlege og private skular, sjå innleiingsteksten i Grønt hefte. Elevantala som ligg til grunn er gjennomsnittet av elevantala ved statlege og private skular per 1. oktober 2011 og 1. april 2012 (tal frå Kunnskapsdepartementet).

Treksatsane per elev for 2013:	
Vanleg undervisning	75 000
Spesialskular	251 800
Opphald	266 000

Kolonne 7 – Tilbakeføring av samla trekk

Samla trekk for alle kommunar (sum for landet i kol. 6) blir ført attende til den enkelte kommune etter kommunen sin del av utgiftsbehovet.

Kolonne 8 – Nettoverknad av korreksjonsordninga for statlege og private skular

Kolonne 8 viser nettoverknaden av korreksjonsordninga, dvs. summen av kolonnane 6 og 7.

Kolonne 9 – Sum utgiftsutjamning

Utgiftsutjamninga, inkl. omfordeling for elevar i statlege og private skular, kjem fram som summen av kolonne 5 og kolonne 8. Talet blir vidare nytta i tabell 2-k, kolonne 2, som tillegg/trekk i innbyggjartilskotet.